

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
  
**DATO:** 05.06.2019  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Revidert nasjonalbudsjett 2019**  
  
**ARKIVSAK:** 2019/7200  
**STYRESAK:** **067/19**  
  
**STYREMØTE:** **18.06.2019**

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Inntektene til helseføretaka blir justert med følgende beløp i heile tusen kroner:

Endringer i inntektsramma for 2019 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2019 - sak 007/19	6 416 029	3 301 109	10 087 087	2 628 117	4 108 670	26 541 012
Prosjekt medikamentfri behandling - tilbakeført frå ramma og blir overført som prosjektmidlar frå RHF			-3 143		3 143	0
Endringer pensjon 2019 - RNB	44 200	23 800	76 300	14 200	68 500	227 000
Sum endringar	44 200	23 800	73 157	14 200	71 643	227 000
Oppdatert inntektsfordeling 2019 - RNB	6 460 229	3 324 909	10 160 244	2 642 317	4 180 313	26 768 012

Endringa i inntektsramma skal innarbeidast i rapporteringa pr. juli.

Endring i pensjonskostnad hos Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest blir handtert administrativt i eigen ekspedisjon innanfor ei samla kostnadsramme på kr 5,5 mill.

Tildeling av midlar til Helse Bergen for prosjekt medikamentfri behandling blir gjort i eige brev til føretaket.

## Oppsummering

Regjeringa la den 14. mai 2019 fram forslag til «Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjett 2019» (Prop. 114 S 2018-2019). Budsjettet blir vedtatt av Stortinget 21. juni.

Helse Vest legg med dette fram forslag til endring av inntektene til helseføretaka som følgje av auka pensjonskostnad i 2019.

Det blir tatt atterhald for Stortinget sin behandling og avgjerd om revidert nasjonalbudsjett.

## Fakta

Denne saka omhandlar fordeling/justering av inntekter til helseføretaka som følgje av endring i pensjonskostnad som er vedtatt i Revidert nasjonalbudsjett samt ei teknisk endring av prosjektmidlar til medikamentfri behandling tildelt Helse Bergen i ramma.

### Pensjon:

Nye berekningar for pensjonskostnaden i 2019 viser at kostnaden for dei regionale helseføretaka vil bli auka med kr 1,2 mrd. i forhold til saldert budsjett 2019. Den auka kostnaden skuldast endringar i dei økonomiske føresetnadane som ligg til grunn for berekning av pensjonskostnad, mindre pensjonsmidlar enn føresett grunna uventa svak avkastning i finansmarknaden hausten 2018 og noko aukande bestand enn tidlegare føresett. I tråd med den etablerte ordninga for handtering av pensjonskostnader blir basisramma til dei regionale helseføretaka derfor auka med kr 1,2 mrd.

Auken i inntektsramma til dei regionale helseføretaka blir gjennomført i tråd med inntektsmodellen. For Helse Vest inneber dette ein auke i basisramma med kr 227 mill.

I følgje KLP sine berekningar vil helseføretaka få følgjande auke i sine pensjonskostnader i 2019:

Pensjon 2019 (Tal i heile tusen kroner)	St.prp. 1 2 018	RNB 2 019	Endring
Helse Stavanger	631 000	675 200	44 200
Helse Fonna	308 000	331 800	23 800
Helse Bergen	1 078 000	1 154 300	76 300
Helse Førde	235 000	249 200	14 200
Sjukehusapoteka Vest	17 000	19 500	2 500
Helse Vest IKT	59 000	62 000	3 000
Helse Vest RHF	9 000	9 000	0
Nasjonal IKT	3 000	3 000	0
<b>Sum Helse Vest</b>	<b>2 340 000</b>	<b>2 504 000</b>	<b>164 000</b>

Helse Vest har praktisert ei ordning der ein handterer dei faktiske endringane i pensjonskostnaden overfor helseføretaka. Dette inneber at når kostnaden blir høgare enn det som låg til grunn for inntektsfordelinga blir det gjort ein tilsvarande auke i basisramma til føretaka.

Inntektsauken frå Staten til Helse Vest er på kr 227 mill. medan den faktiske kostnadsauken er på kr 164 mill. Den positive forskjellen på kr 63 mill. blir halden til tilbake i RHFet. Det vil komme endringar i pensjonen for 2019 mot slutten av året som følgje av implementeringa av ny offentlig tenestepensjon. Dette er eit forhold som helseføretaka må vere førebudd på, men Helse Vest legg opp til å fortsette dagens praksis med å kompensere føretaka for faktiske endringar i pensjonskostnaden.

I statsbudsjettet for 2019 er det lagt til grunn ein pensjonskostnad for dei regionale helseføretaka på kr 11,8 mrd. Oppdaterte berekningar gir eit nytt anslag for pensjonskostnaden på kr 13 mrd. Dette medfører at pensjonskostnaden blir auka med kr 1,2 mrd. Dei regionale helseføretaka sitt likviditetsbehov blir redusert tilsvarende.

Fastsetting av ny driftskreditt til dei regionale helseføretaka vil bli gjort i føretaksmøte i juni, og endringar på helseføretaka vil dermed bli gjort administrativt med basis i vedtaket i føretaksmøtet.

Prosjektmidlar Helse Bergen:

Helse Bergen fekk under sak 007/19 B overført midlar til prosjekt medikamentfri behandling på kr 3,1 mill. i ramma. Dette er eit prosjekt der midla ikkje blir vidareført etter 2019. Tildelinga blir derfor trekt tilbake frå ramma og overført som prosjektmidlar i staden til Helse Bergen. Midla blir då inntektsført i takt med bruken.

## Konklusjon

Administrerande direktør tilrår at det blir gjennomført ein auke i basisramma til helseføretaka i tråd med faktisk auke i pensjonskostnad 2019 samt ei teknisk endring av prosjektmidlar til Helse Bergen.

Dette gir følgjande samla endring i inntektene til helseføretaka for 2019:

Endringar i inntektsramma for 2019 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2019 - sak 007/19	6 416 029	3 301 109	10 087 087	2 628 117	4 108 670	26 541 012
Prosjekt medikamentfri behandling - tilbakeført frå ramma og blir overført som prosjektmidlar frå RHF			-3 143		3 143	0
Endringer pensjon 2019 - RNB	44 200	23 800	76 300	14 200	68 500	227 000
Sum endringar	44 200	23 800	73 157	14 200	71 643	227 000
Oppdatert inntektsfordeling 2019 - RNB	6 460 229	3 324 909	10 160 244	2 642 317	4 180 313	26 768 012